

TILLEGGSOPPLYSNINGAR/PRESISERING SAK 008/20 FORMANNSKAPET
 KLAGE PÅ LØYVE TIL Å LEGGJA UT FLYTEBRYGGJE

I vurderinga i denne saka står det at det er rimeleg at vilkåret stilt i 2014 vert stilt no.

I 2014 vart vedtak fatta med gamalt kart der ferjekaien var 9 meter kortare enn den i realiteten var. Dette vart ikkje oppdaga den gong. Flytebryggja hadde og ei anna plassering. Vedtak i 2014 vart fatta på eit grunnlag som synte ei større inn- og utsegling enn det reelt var.

Bergen og omland havnevesen hadde saka til handsaming før den vart politisk handsama i Fedje kommune. BOH gav 12 punkter med pålegg til utlegging av flytebryggja.

I vedtaket heiter det mellom anna:

«Tiltaket eller bruken av dette må ikkje hindre tilflott til eller annen utnyttelse av naboeiendommer»

Vi meiner at flytebryggja hindrer oss i å nytta den tinglyste retten gnr. 168 bnr. 28 fekk i byte mot tapte rettar i sjø då ferjekaien vart bygd. Ferjekaien er seinare forlengja med 9 meter, Feiebukaien er bygd, gnr 168/16, og no kjem flytebryggja som ytterlegare snevrar inn inn- og utseglinga.

Då vi mottok nytt nabovarsel i 2019 såg vi kor trangt det vart i inn- og utseglinga då taubåten Asterix var fortøydd ytterst på kaien i mange månadar våren/sommaren 2019. Det er utfordrande å manøvrera inn og ut med stor båt som stikk djupt i sjøen når opninga er smal og været dårleg.

I saksutgreiinga står det:

«På biletet ligg ein arbeidsbåt. Denne hindrar retten Wiken har....»

Nemnd for Teknikk og Miljø har vedteke forlengjing av ferjekaien og dermed mulighet for båtar å fortøya der.

I svar frå Jorunn Nygård står det:

«Når det ligger «fremmede» båter fortøyd til ferjepir vil de muligens skape problemer for tilkomst til 168/28».

Det kan synast som om alle er samde i at det er trangt for ein 50 fot stor båt å gå inn til midtre del av ferjekaien. Dette vert ytterlegare vanskeleg når nemnde flytebryggje stikk så langt ut i sjøen.

Vi er redd at med dette vedtaket kan ikkje vår tinglyste rett nyttast i framtida. Vi viser til vårt forslag om at flytebryggje, båt og forankring må liggja innanfor stipla linje ut frå Fedjebukaien mot sør, som vist i kart vedlagt vår klage.

Vi ber om at dette dokumentet må følgja klagen vår.

Fedje 4. februar 2020

Arent Wiken